
Vår referanse 2020/37128-7
Dato 20.02.2020

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Att.: Svein Are Furdal

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid med detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 m.fl. i Kvinnherad kommune. Planid 4617-20200001

Vi viser til brev datert 15.01.2020 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Erslandsparken, 241/38 m.fl. i Kvinnherad kommune. Hovedformålet med reguleringa er å leggje til rette for idrettsbane og rullaskiløype ved Skarveland skule. Vestland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering:

I det vidare planarbeidet vil vi særleg fokusere på følgande tema:

- Areal og transport
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Samferdsel
- Universell utforming

Kulturminne og kulturmiljø

Detaljreguleringa omfattar eit allereie regulert område ved Skarvaland skule og eit mindre område for utviding av idrettsaktivitetar knytt til skuleområdet.

I fylgje våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. I høve til kulturminne har vi difor ikkje merknader på dette stadiet i planprosessen.

Samferdsel

- *Trafikksituasjonen ved tilkomst:* Per i dag nyttar gåande/ syklande (mjuke trafikantar) og dei som kjem med køyretøy (harde trafikantar) same tilkomst. Mjuke trafikantar krysser parkeringsplassen til og frå skulen. Det er difor eit godt tiltak at parkeringsplassen vert flytta mot aust og i større grad skilt av frå mjuke trafikantar. Fylkeskommunen vil likevel utfordre forslagsstillar til å skape eit tydlegare skilje mellom harde og mjuke trafikantar. Viser til handlingsprogram 2018-2021 for Regional plan for folkehelse 2014-2025 tiltak 2.2 kor *Hjertesone* er omtala: «*Trygg skuleveg handlar difor ikkje berre om infrastruktur, men og om å redusere biltrafikken kring skulen. Prosjektet Hjertesone har som målsetting å trygge området kring skulane, slik at fleire elevar er sikra trygg skuleveg*». Me oppfordrar kommunen til å sjå nærare på tilkomstløysinga, til dømes:

- Etablere ei droppsona for henting og bringing av elevar.
- Reisande med buss (og evt. dei som vert levert/henta i droppsona) får ein adskilt gangveg mellom skulen og busshaldeplassen.

- Etablere to ulike tilkomststar for harde og mjuke trafikantar.
 - Lokalisere sykkelparkeringa nærare skuleplassen og adskilt frå bilparkeringa.
- *Parkeringsplass:* Forslagsstillar bør i større grad utgreie behovet for parkeringsplassar. Basert på anbudssteikningen kan det sjå ut til å vera for få parkeringsplassar i samband med tilstellingar på både idrettsbane og i rulleskiløypa. Det er ikkje ynskjeleg at det vert parkert langs fylkesvegen med omsyn til trafikktryggleik, framkome, drift og vedlikehald osv.
Det bør vurderast eit sikringsgjærde mellom rulleskibanen og parkeringsplassen.
 - *Plangrensa:* Ber om at plangrensa omfattar fylkesvegen for å ivareta frisktsonene til eksisterande gang- og sykkelveg, avkøyrsla og busshaldeplassen. Frisktsonene til avkøyrsla skal synast i plankartet, og det skal knytast føresegner til sonene.
 - *Anna veggrunn:* Jf. Statens vegvesen si handbok N101 «Rekkverk og vegens sideområde» skal tryggleikssona og eit 2 m bredt belte utanfor den regulerast til anna veggrunn- grøntareal. Langs gang- og sykkelveg skal dette beltet vera 1,5 m.
 - *Sikring mellom fylkesveg og rulleskibane:* Med eit anlegg så tett opp mot veg må det vera fysisk sikring mellom rulleskibana og fv. 548, både for å sikre aktivitet på banen og publikum/ anna ferdsel langs banen.
 - *Gul støysone:* Delar av rulleskibanen er lokalisert innanfor gul støysone. Det bør difor gjerast støyfaglege vurderingar jf. «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» (T-1442/2016). Støysona skal synast som omsynssone i plankartet.
 - *Universell utforming:* Ber om at krav til universell utforming vert lagt til grunn i planarbeidet og at det vert sett av tilstrekkeleg med parkeringsplass for rørslehemma. Viser elles til Fylkesmannen i Vestland sin uttale datert 15.01.2020.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, barn og unge sine interesser, friluftsliv, folkehelse, kulturminne og kulturmiljø, landskap, samferdsel og universell utforming.

Lukke til med planarbeidet!

Med helsing

Eva Katrine R. Taule
Fagleiar kommunal plan

Nina Gjester Hoel
Spesialrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar

Nina Gjester Hoel, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling
Lars Øyvind Birkenes, Seksjon for Kulturarv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering
Guri Finne Sognnæs, Seksjon for Forvaltning Bergen, Avdeling for infrastruktur og veg
Gunhild Raddum, Avdeling for mobilitet og kollektivtransport

Mottakarliste

KVINNHERRAD KOMMUNE
FYLKESMANNEN I
VESTLAND

Rosendalsveien 10
Njøsavegen 2

5470 Rosendal
6863 LEIKANGER